



Hardangerjakt MATHILDE riggar godt på Skorpevågen i dag, med skoddelagde Englafjell og Manen i bakgrunnen.

Hardangerjakt MATHILDE er klar for 12 veker i leirskulefarten. Med fast kai plass hos Ole Kristoffer Vågen på Skorpo vil vi få sjå mykje til fartyet i Storsund no tidleg på hausten. I denne veka har 16 elevar frå 7 klasse på Lever skule i Ål kommune vore om bord. I møte med mannskap og elevar fekk vi vera med på morgonrutinane før avgang til Stekka i Tørvikbygd.

Elevane var delte inn i grupper med ansvaret for ulike gjeremål. Ei gruppe drog garn og fekk fire makrellar og ein krabbe. Fisken vart sløygd og gjort klar til middagen. Nokre elevar skura og spylte dekk. Andre var på land i Vågen med oppgåver med tema natur og kultur.



Lettbåten kom vel med i dag då den eine elevgruppa skulle trekkja garn.

MATHILDE er bygd i 1884 av Ola H. Nerhus i Ølve. Stiftinga Harangerjakt kjøpte fartyet i 1984 og alt i 1989 var MATHILDE ferdig restaurert og klar for tokter. Rikken har ei høgde på 25,5 meter og seglflata er på heile 400 kvadratmeter. Toppfart under segling er kring 11 knop. Med maskinkraft kan skuta gå med ein maksfart på 8 knop.

MATHILDE har til vanleg eit mannskap på fire: Skipper, bestmann, kokk og matros Kokken lagar tradisjonell skipskost med tre måltid for dagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Her vert fagsten (makrell) sløygd og gjort klar for middagen seinare på dagen.